



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 26.02.2014

---

**Sak nr.:** 13/7192-5

**Internt l.nr.:** 6940/14

**Sak:** 9/14

**Tittel:** Innspel til jordbruksforhandlingane 2014

**Behandling:**

**Frå Hovudutvalet for plan og næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannen si saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjere for 2014.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vestlandslandbruket er avhengig av stabile og føreseielege rammevilkår med omsyn til økonomi, utnytting av grovfor og utmarksbeite. Distriktstilskot på kjøt og mjølk er viktige verkemiddel som må styrkast. Vidare må rekrutteringa til næringa betrast. Av miljø- og beredskapsomsyn er det påkravd at produksjonen i norsk landbruk aukar og i større grad bygger på lokalt produsert for.

Sogn og Fjordane er eit fylke der jordbruk er ei viktig næring som skapar store verdiar og gjev store ringverknader i andre næringar.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser elles til vurderingar og synspunkt i fylkesrådmannen si saksutgreiing.

**Framstegspartiet, Høgre og Venstre** sette fram slikt framlegg som tillegg til tilrådinga frå fleirtalet i hovudutvalet for plan og næring:

Jordbruksavtalesystemet med sine pris- og marknadsreguleringar og tilknytt regelverk har over ein lenger periode gitt ei svært negativ utvikling for det norske landbruket. Landbrukspolitikken har medført ei halvering av tal produsentar på 20 år, så mange som 34 000 gardsbruk står i dag tome, og det er omfattande problem med attgroing i mange bygder. Landbrukspolitikken har medført ein dårleg inntektsutvikling for næringa, og det er få matprodusentar som i dag hentar hovuddelen av si inntekt frå garden. For forbrukarane fører dagens landbrukspolitiske rammeverk til høge matvareprisar og dårleg vareutval i forhold til våre naboland. Kostnadane ved det jordbrukspolitiske systemet med store overføringar over statsbudsjettet rammar og forbrukarane gjennom høge skattar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er viktig å styrkje bøndene sin næringsfridom, ved å mjuke opp rigide produksjons- og marknadsreguleringar som avgrensar produsentane sine moglegheiter til å utvikle produksjonen. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner vidare at fri etablering i alle produksjonar må gjenopprettast og ein vil berre behalde produksjonsbegrensningar som sikrar miljø og eit godt dyrevern. Færre reglar og reguleringar for

landbruket vil bety større utviklings- og inntektsmuligheter enn dagens regulerte rammebetingelser gjør grunnlag for.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er eit betydeleg potensial for forenkling og avbyråkratisering i landbrukspolitikken. Det er urovekkjande at det i 2008 var 21 bønder for kvar landbruksbyråkrat, mens det tilsvarande talet i 1965 var 85. I dag vert over 4 milliardar brukt på landbruksbyråkratiet, og dette er etter Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt syn alt for mykje. Ein må leggje opp til ei kraftig forenkling og avbyråkratisering i landbruket.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det må etablerast likeverdige konkurransevilkår mellom TINE og andre aktørar i meierisektoren. Fylkeskommunen ber om at det vert etablert eit juridisk og eigarmessig skilje mellom marknadsregulator og TINE ved at oppgåvene som marknadsregulator vert lagt til eit eige offentleg eigd selskap eller Statens Landbruksforvaltning. Dette vil også fjerne ein del av behovet for etterkontroll, sidan TINE-konsernet sitt incentiv til kryssubsidiering ikkje lenger ville vore tilstades.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for framlegget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre.

#### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Vestlandslandbruket er avhengig av stabile og føreseielege rammevilkår med omsyn til økonomi, utnytting av grovfor og utmarksbeite. Distriktstilskot på kjøtt og mjølk er viktige verkemiddel som må styrkast. Vidare må rekrutteringa til næringa betrast. Av miljø- og beredskapsomsyn er det påkravd at produksjonen i norsk landbruk aukar og i større grad bygger på lokalt produsert for.

Sogn og Fjordane er eit fylke der jordbruk er ei viktig næring som skapar store verdiar og gjev store ringverknader i andre næringar.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser elles til vurderingar og synspunkt i fylkesrådmannen si saksutgreiing.